



Riksantikvaren  
Postboks 8196 Dep.  
0034 OSLO

Dato: 11.02.2014  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2014/651-3

## **Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2014. Hordaland**

Vi viser til brev frå Riksantikvaren dagsett 28.11.2013.

Lagt ved er dokument frå den politiske handsaminga i fylkesutvalet 30. januar 2014, jf sak PS 12/2014, av det statlege prioriteringsbrevet. Hordaland fylkeskommune ser fram til godt samarbeid i 2014.

Med helsing

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Klima og miljøverndepartementet Postboks 8013 Dep

Arkivnr: 2014/651-1  
 Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Tore Bjørgo, Jostein Akسدal, David Aasen Sandved,  
 Erlend Hofstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	7/14	21.01.2014
Fylkesutvalet	12/14	30.01.2014

## Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2014

### Samandrag

Kulturminneforvaltinga i stat og fylkeskommunar skal i fellesskap nå nasjonale mål på kulturminnefeltet. Kwart år sender Riksantikvaren brev til fylkeskommunane med dei statlege prioriteringane. Desse skal gje grunnlag for å forme regional politikk og praksis tufta på særtrekk i fylka. Forslag til statsbudsjett for 2014, og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging gitt i kongeleg resolusjon, ligg til grunn for følgjande prioriterte områder:

- Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga
- Bevaringsprogramma
- Fredingsarbeid
- Styrka samarbeid og klarare ansvarsfordelinga mellom regional og sentral kulturminneforvaltning
- Lovheimla forvaltningsoppgåver - basis i regionalforvaltinga sitt arbeid

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek «Prioriteringar for kulturminnevernet 2014» til etterretning og vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre ein regional tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2014.

2. Fylkesutvalet oppmodar statlege styresmakter om å kostnadsrekne prioriteringane og knyte desse til auka overføringar til regionalforvaltinga frå statsbudsjettet.
3. Fylkesutvalet vil prioritere å utvikle kulturminnekompetansen i kommunane gjennom eige prosjekt, slik at alle kommunar i Hordaland har starta arbeidet med kulturminneplan innan utgangen av 2016.
4. Fylkesutvalet vil leggje til rette for at Hordaland fylkeskommunen sine utviklingsmidlar for kultur og regional utvikling også er tilgjengelege for arbeid med kulturminne og verdiskaping.
5. Fylkesutvalet ser positivt på at Riksantikvaren vurderer overføring av fleire oppgåver og utvida mynde etter kulturminneloven til fylkeskommunen og ser særleg fartøyvern som eit viktig ansvarsområde.
6. Fylkesutvalet ber om at samarbeidet med Statens naturoppsyn held fram for å betre tilsyn, overvaking og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø.
7. Fylkesutvalet støttar vidareføring av arbeidet med å utvikle og styrke kulturminnevernet gjennom partnerskap med kommunar og eigarar.
8. Fylkesutvalet ber administrasjonen om å leggja fram sak om situasjonen for ikkje-freda kulturminne med vurdering av ordningane for regionale tilskot til vern og vøling.
9. For å fremje forvaltinga av automatisk freda kulturminne ber fylkesutvalet om at bevaringsprogramma BERG og BARK vert innretta for å støtte betre opp under lokalt forankra satsingar på formidling og skjøtsel.
10. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med å nå det nasjonale målet om ei representativ fredingsliste.
11. Fylkesutvalet ber administrasjonen utvikla rutinar for koordinering av tilstandsregistrering og istandsetjingstiltak og ein plan for rullerande oppdatering av tilstandsregistreringane.
12. Fylkesutvalet ber om at statlege midlar til istandsetting av nasjonale kulturminne vert oppjustert slik at ein kan sikre ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
13. Fylkesutvalet ber om at fredingsarbeidet vert høgt prioritert i 2014.
14. Fylkesutvalet er positiv til at Hordaland fylkeskommune bidreg i arbeidet med Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros.

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.01.2014

**Gunnar Bakke** (FrP) sette fram slikt forslag:

«Pkt. 15 Fylkesutvalet ber om at det prioriterast å sikre fleire kulturhistoriske bygningar av stor verdi gjennom installasjonar av sprinkelanlegg.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag 1 – 14 vart samrøystes vedteke  
Bakke sitt forslag til pkt. 15 vart samrøystes vedteke.

## Innstilling

1. Fylkesutvalet tek «Prioriteringar for kulturminnevernet 2014» til etterretning og vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre ein regional tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2014.
2. Fylkesutvalet oppmodar statlege styresmakter om å kostnadsrekne prioriteringane og knyte desse til auka overføringar til regionalforvaltinga frå statsbudsjettet.
3. Fylkesutvalet vil prioritere å utvikle kulturminnekompetansen i kommunane gjennom eige prosjekt, slik at alle kommunar i Hordaland har starta arbeidet med kulturminneplan innan utgangen av 2016.
4. Fylkesutvalet vil leggje til rette for at Hordaland fylkeskommunen sine utviklingsmidlar for kultur og regional utvikling også er tilgjengelege for arbeid med kulturminne og verdiskaping.
5. Fylkesutvalet ser positivt på at Riksantikvaren vurderer overføring av fleire oppgåver og utvida mynde etter kulturminneloven til fylkeskommunen og ser særleg fartøyvern som eit viktig ansvarsområde.
6. Fylkesutvalet ber om at samarbeidet med Statens naturoppsyn held fram for å betre tilsyn, overvaking og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø.
7. Fylkesutvalet støttar vidareføring av arbeidet med å utvikle og styrke kulturminnevernet gjennom partnerskap med kommunar og eigarar.
8. Fylkesutvalet ber administrasjonen om å leggja fram sak om situasjonen for ikkje-freda kulturminne med vurdering av ordningane for regionale tilskot til vern og vøling.
9. For å fremje forvaltinga av automatisk freda kulturminne ber fylkesutvalet om at bevaringsprogramma BERG og BARK vert innretta for å støtte betre opp under lokalt forankra satsingar på formidling og skjøtsel.
10. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med å nå det nasjonale målet om ei representativ fredingsliste.
11. Fylkesutvalet ber administrasjonen utvikla rutinar for koordinering av tilstandsregistrering og istandsetjingstiltak og ein plan for rullerande oppdatering av tilstandsregistreringane.
12. Fylkesutvalet ber om at statlege midlar til istandsetting av nasjonale kulturminne vert oppjustert slik at ein kan sikre ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
13. Fylkesutvalet ber om at fredingsarbeidet vert høgt prioritert i 2014.
14. Fylkesutvalet er positiv til at Hordaland fylkeskommune bidreg i arbeidet med Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros.
15. Fylkesutvalet ber om at det prioriterast å sikre fleire kulturhistoriske bygningar av stor verdi gjennom installasjonar av sprinkelanlegg.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, Frp og H fram sik t forslag:

"Alternativt punkt 3:

Fylkesutvalet vil prioritere å utvikle kulturminnekompetanse i kommunane gjennom eige prosjekt, med mål om at alle kommunar i Hordaland har starta arbeidet med kulturminneplan innan utgangen av 2016.

I arbeidet med kulturminnevernet skal det leggjast stor vekt på tidleg og god dialog med kommunane, særskilt i fredingssaker."

### Røysting

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteken.

Hellesnes sitt forslag, 1. setning, vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga punkt 3.

Hellesnes sitt forslag, 2. setning, vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 4-15 vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet tek "Prioriteringar for kulturminnevernet 2014" til etterretning og vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre ein regional tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2014.
2. Fylkesutvalet oppmodar statlege styresmakter om å kostnadsrekne prioriteringane og knyte desse til auka overføringar til regionalforvaltinga frå statsbudsjettet.
3. Fylkesutvalet vil prioritere å utvikle kulturminnekompetanse i kommunane gjennom eige prosjekt, med mål om at alle kommunar i Hordaland har starta arbeidet med kulturminneplan innan utgangen av 2016.

I arbeidet med kulturminnevernet skal det leggjast stor vekt på tidleg og god dialog med kommunane, særskilt i fredingssaker.

4. Fylkesutvalet vil leggje til rette for at Hordaland fylkeskommune sine utviklingsmidlar for kultur og regional utvikling også er tilgjengelege for arbeid med kulturminne og verdiskaping.
5. Fylkesutvalet ser positivt på at Riksantikvaren vurderer overføring av fleire oppgåver og utvida mynde etter kulturminnelova til fylkeskommunen og ser særleg fartøyvern som eit viktig ansvarsområde.
6. Fylkesutvalet ber om at samarbeidet med Statens naturoppsyn held fram for å betre tilsyn, overvaking og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø.
7. Fylkesutvalet støttar vidareføring av arbeidet med å utvikle og styrke kulturminnevernet gjennom partnerskap med kommunar og eigarar.
8. Fylkesutvalet ber administrasjonen om å leggje fram sak om situasjonen for ikkje-freda kulturminne med vurdering av ordningane for regionale tilskot til vern og vøling.

9. For å fremje forvaltinga av automatisk freda kulturminne ber fylkesutvalet om at bevaringsprogramma BERG og BARK vert innretta for å støtte betre opp under lokalt forankra satsingar på formidling og skjøtsel.
10. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med å nå det nasjonale målet om ei representativ fredingsliste.
11. Fylkesutvalet ber administrasjonen utvikle rutinar for koordinering av tilstandsregistrering og istandsetjingstiltak og ein plan for rullerande oppdatering av tilstandsregistreringane.
12. Fylkesutvalet ber om at statlege midlar til istandsetting av nasjonale kulturminne vert oppjustert slik at ein kan sikre ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
13. Fylkesutvalet ber om at fredingsarbeidet vert høgt prioritert i 2014.
14. Fylkesutvalet er positiv til at Hordaland fylkeskommune bidreg i arbeidet med Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros.
15. Fylkesutvalet ber om at det vert prioritert å sikre fleire kulturhistoriske bygningar av stor verdi gjennom installasjonar av sprinkelanlegg.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 09.01.2014****1. Bakgrunn**

Måla for den nasjonale politikken er mellom anna nedfelt i St.meld. nr. 8 (1999–2000) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand nasjonale mål for kulturminnepolitikken*, i St.meld. nr 16, *Leve med kulturminner* (2004-2005), St.meld. nr. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste* og i statsbudsjettet, St.prop. nr. 1.

Den nasjonale politikken inneber at både stat, fylkeskommunar og kommunar har ansvar på kulturminnefeltet og gjer kulturminnevern til ei tydeleg samfunnsinteresse. Hovudprinsipp er at alle sektorar og styresmakter skal innrette verksemdene sine slik at ein sikrar ei berekraftig forvaltning der ein innan 2020 har eit årleg tap av kulturminne som ikkje overstig 0,5 %/år.

I 2009 gjekk Riksrevisjonen gjennom Miljøverndepartementet si oppfølging av kulturminnevernet og måloppnåinga i høve St.meld. nr. 16 *Leve med kulturminner* (2004-2005). Forvaltingsrevisjonen viste at kulturminnevernet ikkje var målretta nok og at rammevilkåra i forvaltninga ikkje sto i forhold til dei politisk vedtekne måla. Rapporten avdekte vesentleg risiko for at dei nasjonale måla ikkje kunne nåast innan 2020.

Som svar på Riksrevisjonen sin gjennomgang er det sett i gong ei rekkje nasjonale prosjekt i regi av Riksantikvaren og fylkeskommunane. For å styrkje og effektivisere forvaltninga er det arbeid med delegering av statleg mynde, klargjering av rollar i kulturminnevernet og utvikling av samarbeid med andre sektorar. Samla sett skal desse tiltaka auke måloppnåinga i kulturminnepolitikken.


Ei av dei nasjonale mekanismane er samordning av statleg og fylkeskommunal politikk på kulturminneområdet. Kvart år presenterer Riksantikvaren dei statlege prioriteringane i brev til fylkeskommunane. Desse gjev grunnlag for å forme politikk og praksis tufta på regionale særtrekk og utfordringar. I prioriteringsbrevet for 2014 legg Riksantikvaren legg opp til å føre vidare Hordaland fylkeskommune sitt arbeid frå 2013, men gjev også sterke føringar på at ein må prioritere kunnskapsløftet og fredingssakene.

**Vurdering:**


Samordning av statleg og fylkeskommunal politikk er bra så lengje det gjev høve til å passe dei statlege føringane til aktuelle utfordringar i Hordaland. Erfaringar frå tilsvarande saker i dei seinare åra (2011, 2012, 2013) viser at denne praksisen er god. Prioriteringsbrevet for 2014 samsvarer godt med dei utfordringane som pregar Hordaland, sjølv om ein kan peike på at dei økonomiske rammene ikkje speglar oppgåvene. Hordaland fylkeskommune har elles lagt til grunn Fylkesdelplan for kulturminnevern 1999-2010, og politiske vedtak i fylkestinget og utvala som grunnlag for den regionale politikken. Ny Regional plan for kultur er under utarbeiding (ferdig 2014) og vil leggje til rette for ein fornya kulturminnepolitikk i Hordaland.

For tida er arbeidsoppgåvene i den regionale kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune i hovudsak lovpålagt forvaltning (*plan- og bygningsloven* og *kulturminneloven*). Rammene er stramme og streng prioritering av saker er nødvendig. Talet på plan- og bygningslovsaker varierer noko frå år til år, men høgkonjunktur i Hordaland og mange arealsaker i Bergen og omegnskommunane gjer at fylkeskommunen har brukt vesentlege ressursar på desse dei siste

åra. (Sjå tabellar frå *Planrapport 2012 – regional og kommunal planlegging i Hordaland*). Sakshandsaming etter kulturminneloven er også styrka medan det er sett mindre fokus på heilt nye utviklingsoppgåver.




Figur 1: Høyring av planprogram og planforslag til kommune(del)planar 2003-2012



Figur 5: Utvikling av reguleringsplanar på høyring 2003-2012





Figur 11: Dispensasjonssøknader til Hordaland fylkeskommune 2003-2012

Framlegg til innstilling:

- *Fylkesutvalet tek «prioriteringar for kulturminnevernet 2014» til etterretning og vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre ein regional tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2014.*
- *Fylkesutvalet oppmodar statlege styresmakter om å kostnadsrekne prioriteringane og knyte desse til auka overføringar til regionalforvaltninga frå statsbudsjettet.*

## 2. Kunnskapsløftet

I prosjektet *Kunnskapsløftet* arbeider Riksantikvaren mellom anna med lokal kompetanseutvikling. Kommunane har ansvar som lokal styremakt med heimel etter plan- og bygningsloven og dermed ei nøkkelrolle i kulturminnevernet. Satsinga rettar seg særleg inn mot deira arbeid med lokale kulturminneregister og -planar. Miljøverndepartementet har sett som mål at minst 90 % av kommunane i landet skal ha oversikt og planar for eigne kulturminne innan 2018.

I Kunnskapsløftet arbeider Riksantikvaren også med å utvikle betre databasar for kulturminneforvaltninga. Desse skal sikre enkel, nettbasert tilgang til informasjon om kulturminne, og brukast i stads- og landskapsanalysar og planarbeid og byggesakshandsaming i kommunar og fylkeskommunar. *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga* vil prioritere følgjande i 2014:

- Stønad til kommunane sitt arbeid med kommunale kulturminneplanar, registrering og verdisetjing av kulturminne.
- Digitalisering av Riksantikvaren sitt arkiv.
- Stønad til fylkeskommunar og andre for å utvikle regionale kompetansemodellar.
- Utvikle digitale verktøy for å forenkle rutinane for arkeologiske dispensasjonar, ferdigstille digitalt verktøy for søknad, tildeling, oppfølging og rapportering på tilskot til freda bygg i privat eige.
- Vidareutvikle kulturminnedatabasen Askeladden (levere gode data til offentleg forvaltning).

Riksantikvaren ventar at fylkeskommunane tek delansvar innan relevante område i Kunnskapsløftet, med særleg vekt på rettleiing og oppfølging av kommunane sine registreringar og planarbeid.

*Vurdering:*

Hordaland fylkeskommune sitt prosjekt «*Kulturminneplanar i kommunane 2014-2016*» (sjå eiga sak) svarer på bestillinga. I tråd med den nasjonale satsinga har fylkesutvalet vedteke ambisjon om at alle kommunane i fylket utarbeidar kulturminneplan før 2015, jf. sak 58/13 vedtak, pkt. 11. Fylkestinget har sett av 1.000.000,- på budsjettet for 2014 til tiltaket. Intensjonen i prosjektet er å utvikle kommunalt kulturminnevern i Hordaland og dermed skape auka rom for kommunal styring og forming av arealpolitikken.

Samarbeid om kompetanseutvikling i kulturminnevern i kommunane i Hordaland vart starta opp i 2013. Riksantikvaren løyvde i 2013 1.000.000 kroner til prosjektet i åtte kommunar (Austrheim, Eidfjord, Fjell, Kvinnherad, Radøy, Sund, Ulvik og Øygarden). I tildelinga vart det òg sett av kr 200.000 til fylkeskommunen. Framleis er ikkje alle kommunane klare til å starta opp dette arbeidet, og det vil vera ei utfordring å få gjennomført prosjektet innan 2015. For å nå målet om kulturminneplanar i alle kommunar, er det difor utarbeidd prosjektplan med målsetting om at alle skal ha starta med planarbeidet innan utgangen av 2016.

Prosjektet krev godt samspel mellom kommunane og fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune har utvikla ein kompetansemodell der musea har ei særleg rolle i høve kommunane og denne er viktig i gjennomføringa av prosjektet. Det er etablert bygningsvernkonsulentar ved fem museum (Bymuseet i Bergen, Museumssenteret i Salhus, Hardanger og Voss museum, Sunnhordland museum og Museum Vest). Ordninga skal vidareutviklast i 2014 i tråd med Regional plan for museum 2011-2015.

Framlegg til innstilling:

- *Fylkesutvalet vil prioritera å utvikle kulturminnekompetansen i kommunane gjennom eige prosjekt, slik at alle kommunar i Hordaland har starta arbeidet med kulturminneplan innan utgangen av 2016.*

### **3. Kulturminnevern og verdiskaping**

Dei fleste kulturminne har det best dersom dei vert brukte. Satsing på kulturminnevern og verdiskaping skal bidra til at kulturminne og kulturmiljø vert tekne vare på og nytta til lokal samfunnsutvikling og verdiskaping. Verdiskapingsarbeid bidreg til at kulturminneforvaltninga blir meir relevant, utviklingsretta og løysingsorientert. Tilskotsmidlane til verdiskaping er likevel avgrensa. I 2014 vil Riksantikvaren prioritere prosjekt som alt er starta opp. Riksantikvaren vil og styrke verdiskapingsperspektivet i andre satsingar, og rette tildeling av tilskotsmidlar til bevaring på måtar som gjev verdiskapingseffektar.

Riksantikvaren ber regional forvaltning om å sjå på bruken av sine verkemiddel innan kulturminnefeltet og tilgrensande fagområde slik at heilskapen av tilskot, rådgjeving og andre innsatsar støttar opp om verdiskapingsarbeidet.

*Vurdering:*

Hordaland fylkeskommune har arbeidd med dette saksfeltet i ei rekkje år og har innretta politikken og verkemiddelapparatet slik at verdiskaping på kulturminneområdet er støtta gjennom ulike ordningar, særleg Kulturelt utviklingsprogram (KUP) og Regionalt utviklingsprogram (RUP). Fylkeskommunen deltek både fagleg og økonomisk i fleire verdiskapingsprosjekt i Hordaland:

*Reiseliv i industriens vogge, Den kulturelle fjorden og Pilegrimsleia.* Prosjekta vil gå i 2014, men det vert ikkje lagt opp til nye satsingar på dette feltet i regi av fylkeskommunen i 2014.

Framlegg til innstilling:

- *Fylkesutvalet vil leggje til rette for at Hordaland fylkeskommunen sine utviklingsmidlar for kultur og regional utvikling også er tilgjengelege for arbeid med kulturminne og verdiskaping.*

#### **4. Samarbeid og ansvarsfordeling innan kulturminneforvaltninga. Delegering av statleg mynde til fylkeskommunane**

For å effektivisere kulturminneforvaltninga vil Riksantikvaren vidareutvikle den statlege direktoratsrolla og styrkje fylkeskommunane. Ein førebur at fleire 1. linjeoppgåver vert førte over til fylkeskommunane i 2014, til dømes:

- 1.linjeoppgåver for mellomalderarkeologi.
- Utvida dispensasjonsfullmakt for arkeologiske kulturminne
- Omgivnadane til automatisk freda kulturminne (mellomalderbygningar)
- Eit større tal listeførde kyrkjer
- Forvaltning av farty som og er listeført eller freda

Hordaland har vore med i prøveprosjekt for delegering av mellombels styresmakt etter kulturminnelova, § 8 fyrste, andre og fjerde ledd. Fylkeskommunen har dermed mynde etter kulturminnelova for mindre arkeologiske dispensasjonar. Prosjektet vert ført vidare ut 2014.

Statens naturoppsyn (SNO) er Miljødirektoratet si tilsynsmakt. Riksantikvaren oppmodar fylkeskommunane om å styrkje samarbeidet med naturoppsynet

#### *Vurdering:*

For å gjere kulturminneforvaltninga meir dynamisk og effektiv er det positivt at Riksantikvaren planlegg å delegerer nye oppgåver til fylkeskommunen. Dette gjev større nærleik til forvaltingsoppgåvene samstundes som sikrar robuste og kompetente fagmiljø over heile landet. Det regionale leddet styrkar sin faglege integritet, og ein oppnår i større grad likehandsaming av kommunane.

Hordaland fylkeskommune har brei kulturminnekompetanse og er godt rusta til å ta forvaltingsansvaret for dei aktuelle oppgåvene. Hordaland fylkeskommune har særleg vore oppteken av fartøyvern og har markert politisk interesse for å ta over deler av Riksantikvaren sitt ansvar. (Hordaland pr. 1. juli 2013: 39 listeførte fartøy, 4 fartøy freda etter kulturminneloven).

I Hordaland har det i mange år vore godt samarbeid mellom den regionale kulturminneforvaltninga og SNO, ma. om tilsyn, overvaking, skjøtsel og registrering av kulturminne. Fylkeskommunen har halde fleire kurs med SNO om kulturminnevern, felles synfaringar og mottok rapportar og registreringar frå dei lokale SNO kontora. Dette held fram i 2014.

Framlegg til innstilling:

- *Fylkesutvalet ser positivt på at Riksantikvaren vurderer overføring av fleire oppgåver og utvida mynde etter kulturminneloven til fylkeskommunen og ser særleg fartøyvern som eit viktig ansvarsområde.*

- *Fylkesutvalet ber om at samarbeidet med Statens naturoppsyn held fram for å effektivisere tilsyn, overvaking og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø.*

## **5. Riksantikvarens føringer for 2014 i høve til dei nasjonale måla i kulturminnevernet**

**Nasjonalt mål 6.1:** *Tapet av verneverdige kulturminne skal bli minst mogleg. Innan 2020 skal det liggje føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.*

Riksantikvaren ber om at den regionale forvaltninga skal:

- prioritere rettleiing til kommunane
- bruke den nye rettleiaren for kommunane om utarbeiding av kommunedelplanar
- bidra til gode analysar av landskap, byar og tettstader med kulturminne og kulturmiljø som premiss og ressurs
- gi kommunane tydeleg innspel om å vise større varsemd og vere kritisk når det blir planlagt store tiltak nær bevaringsområde
- setje av pengar til verneverdige bygningar i eigen region
- vurdere konkrete samarbeidsprosjekt mellom friluftslivs- og kulturminnearbeidet knytt til verdiskaping på kulturminneområdet.

### *Vurdering*

Nye undersøkingar og statistikk viser at tapet av kulturminne i Hordaland er størst i saker med kulturminne av lokal verdi og der kommunane er sjølvstendig mynde (plan- og bygningsloven). Hordaland fylkeskommune har difor fremja fleire tiltak som er tilpassa desse utfordringane, sjå pkt 2 (over). Politiske vedtak legg premissar for ein styrka lokal kulturminnepolitikk der fylkeskommunen sitt arbeid i kommunane i stor grad skal skje i partnerskap og vere rådgjevande heller enn myndeutøvande. Målsettinga er ei heilskapleg forvaltning av kulturminne der kommunen utviklar eigen politikk for ivaretaking av kulturminne og landskap.

Dei seinare åra er det sett stor merksemda eigarane av kulturminne og deira utfordringar. Riksantikvaren og fylkeskommunen har sett igong istandsetjingsprogram for freda bygg i privat eige. Dette programmet har hatt stort volum i Hordaland, jf Prosjekt Bryggen. Det er derimot vesentlege utfordringar knytt til dei kulturminna som ikkje er freda. Den fylkeskommunale tilskotsordninga, Vern og vøling av faste kulturminne, er tilgjengeleg for desse, men det er stor avstand mellom omsøkte midlar og den løyvinga som står til rådvelde. Det kan vere tenleg å vurdere innretninga av denne tilskotsordninga og korleis ein best kan støtte opp under lokalt kulturminnevern.

### *Framlegg til innstilling:*

- *Fylkesutvalet støttar vidareføring av arbeidet med å utvikle og styrke kulturminnevernet gjennom partnerskap med kommunar og eigarar.*
- *Fylkesutvalet ber administrasjonen om å leggja fram sak om situasjonen for ikkje-freda kulturminne med vurdering av ordningane for regionale tilskot til vern og vøling.*

**Nasjonalt mål 6.2:** *Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*

Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne (BARK) og bevaringsprogram for bergkunst (BERG) har gjeve rammer for ei rekkje tiltak i regi av Hordaland fylkeskommune. Riksantikvaren ventar at regionalforvaltninga skal:

- følgje opp arbeidet med bevaringsprogramma for bergkunst (BERG) og utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK).
- oppdatera og kvalitetssikra informasjon om arkeologiske kulturminne i Askeladden som følgje av aktivitetar i programma.
- følgje opp arbeidet med kvalitetssikring av eldre registreringar i Askeladden.

#### *Vurdering:*

Kvart år vert det ført over statlege midlar til fylkeskommunen til slike skjøtsels- og vedlikehaldsprosjekt. I 2014 skal tiltak starta opp i 2013 førast vidare. Det vert også initiert utvalde nye skjøtselsprosjekt.

Arkeologiske kulturminne er regulert av strenge bevaringsheimlar i kulturminneloven (automatisk freding). Dette sikrar minna mot inngrep, men kan samstundes verke svekkjande for lokalt eigarskap og interesse. For å auke lokal forståing og interesse for arkeologiske kulturminne er det viktig med ei lokalt forankra satsing på formidling og skjøtsel. I 2014 tek difor administrasjonen sikte på å gjere ordningane BARK og BERG meir tilgjengelege for kommunar og private.

For å styrkje den lokale eigarskapen til slike tiltak og til arkeologien som heile bør lokale initiativ støttast betre gjennom desse statlege ordningane. Ei endra innretning av tilskotsordninga vil innebære at kommunar og private frå hausten 2014 skal kunne søkje Hordaland fylkeskommune om statleg tilskot til tilrettelegging og skjøtsel av arkeologiske kulturminne.

#### Framlegg til vedtak

- *For å fremje forvaltninga av automatisk freda kulturminne ber fylkesutvalet om at bevaringsprogramma BERG og BARK vert innretta for å støtte betre opp under lokalt forankra satsingar på formidling og skjøtsel*

**Nasjonalt mål 6.3:** *Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vera vedtaksfreda innan 2020.*

Riksantikvaren ventar at regionalforvaltninga prioriterer:

- å delta i det vidare arbeidet med fredingsstrategien
- å medverka til å kartleggje det regionale kunnskapsgrunnlaget for etterreformatoriske, arkeologiske kulturminne
- som hovudregel berre starte nye fredingar når desse sikrar auka representativitet
- å avslutte pågåande fredingssaker
- å oppeve eller starte ordinær freding for alle mellombelse fredingar

#### **Vurdering:**

Hordaland fylkeskommune har fullført gjennomgangen av eldre vedtaksfredingar, som del av *Prosjekt fredingsgjennomgangen*. Dette arbeidet er no ferdig, og det vil vere meir kapasitet til å avslutte pågåande fredingssaker. I desember 2013 vart det sendt ut oppstart- eller opphevingsvarsel for dei aller fleste midlertidige fredingane. Slutføring av desse og andre pågåande fredingssaker vil vere ei hovudoppgåve i 2014. Nye fredingssaker vil berre startast opp

dersom det oppstår akutt fare for tap av kulturminne av nasjonal verdi. Fylkeskommunen legg vekt på deltaking i arbeidet med ny fredingsstrategi for Hordaland. Arbeidet vert leia av Riksantikvaren og skal leggje grunnlaget for fredingsarbeidet fram mot 2020. Fylkeskommunen vil elles fortsetje med å sikre verneverdige kulturminne og kulturmiljø gjennom lokale prosessar.

Framlegg til innstilling:

- *Fylkesutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med å nå det nasjonale målet om ei representativ fredingsliste*

**Nasjonalt mål 6.4:** *Freda bygningar, anlegg og farty skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*

Ved istandsetjing av freda bygningar i privat eige forventar Riksantikvaren at regionalforvaltninga sikrar kvaliteten i sakshandsaming, utførd istandsetjing og rapportering ved at:

- Alle tiltak som får tilskot skal vere registrert i Askeladden med minimum hovudtilstandsgrad før istandsetjing.
- Istandsetjingstiltaka skal følgjast opp av regionalforvaltninga undervegs. Om det ikkje er tilstrekkeleg oppfølgingskapasitet, kan 5 - 15 % av tilskotsummen brukast til antikvarisk byggjeleing og dokumentasjon.
- Når tiltak blir fullført, skal det leverast økonomisk rapportering og ein enkel rapport med bilete frå det fysiske arbeidet. Ny tilstand leggjast inn i Askeladden når tiltaket er slutført.

*Vurdering:*

Alle freda bygningar i privat eige i Hordaland vart tilstandsregistrert i 2008-2009 og viste omfattande behov for istandsetjing. Som ei oppfølging koordinerer Hordaland fylkeskommune istandsettingsprogrammet for freda bygg i privat eige. Det er trong for ei oppdatering av tilstandsregistreringane, samt registrering av bygningar som er freda sidan då. Erfaringa viser at det i samband med istandsetjingstiltak ofte vert oppdaga skjulte skadar som ikkje let seg fange opp i dei ordinære tilstandsregistreringane. Tilstandsregistreringa skal vere ein del av grunnlaget for å prioritere mellom søknader om støtte til istandsetjing. Effekten av istandsetjingsarbeid skal speglast i ein betra tilstandsgrad. Ei tettare integrering av tilstandsregistrering og istandsetjingstiltak vil effektivisera vedlikehaldsarbeidet.

Framlegg til innstilling:

- *Fylkesutvalet ber administrasjonen utvikle rutinar for koordinering av tilstandsregistrering og istandsetjingstiltak og ein plan for rullerande oppdatering av tilstandsregistreringane*
- *Fylkesutvalet ber om at statlege midlar til istandsetting av nasjonale kulturminne vert oppjustert slik at ein kan sikre ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*

**Nasjonalt mål 6.7:** *Areal brukt til landbruk skal vera berekraftig forvalta innan 2020.*

Riksantikvaren forventar at regionalforvaltninga:

- hjelper landbruksavdelinga hos fylkesmannen, kommunar og grunneigarar med faglege råd i bruken av verkemidla i landbruket generelt og forvaltninga av *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket* spesielt.

*Vurdering:*

Hordaland fylkeskommune har i mange år samarbeidd med fylkesmannen, kommunane og fagliga om landbruket sine kulturminne og kulturlandskap. Fylkeskommunen er part i Kulturlandskapsgruppa og medansvarleg for tildeling av den årlege Kulturlandskapsprisen i Hordaland. Ein ser at kulturminne og –landskap knytt til landbruksareal i drift har store utfordringar. I 2014 vil ein leggje vekt på å samarbeida med landbruksstyresmaktene om innretning av dei ordningane som sikrar bruk og vern av kulturlandskapet i Hordaland.

## 6. Særlege utfordringar for kulturminneforvaltinga i Hordaland fylkeskommune

Over er det vist til statlege føringar for kulturminneforvaltinga. Det er samtidig nødvendig at fylkeskommunen utviklar ein regionalt tilpassa politikk for å nå dei nasjonale målsettingane. Her har Hordaland fylkeskommune spelt inn til Riksantikvaren følgjande satsingar og utfordringar i samband med prioriteringane for 2014:

### Prioriterte satsingar i Hordaland

#### *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013 - 2016:*

- Som oppfølging av Riksantikvaren si satsing, Kunnskapsløftet, har Hordaland fylkeskommune utarbeidd prosjektet «*Kulturminnekompetanse i kommunane 2013- 2016*», der midlane frå Riksantikvaren skal kombinerast med fylkeskommunal og kommunal kompetanse og midlar. Det vert fremja eigen politisk sak om prosjektet.

#### *Samarbeid om kulturminnevern og museum*

- Vidareført og styrkja samarbeidet mellom kommunane, musea og fylkeskommunen. Målsettinga er at kulturminne- og museumsfeltet vert ei ressurs i samfunnsplanlegginga, og at formidling og skjøtsel skal gjerast i robuste partnerskap.

#### *Regional plan for kultur 2014-2024*

- Avslutte arbeidet med Regional kulturplan som skal gje retning for vern og vidareutvikling av både kulturminne og kulturmiljø.

### Utfordringar i Hordaland

#### *Redusere omfattande tap av lokale kulturminne:*

- Auke forståelsen i kommunane for kulturminne som ressurs i samfunnsplanlegginga, i utviklinga av gode lokalsamfunn og i forvaltinga av kulturhistoriske landskap. Utvikle partnerskap for å styrkje kommunalt kulturminnevern.

#### *Teknisk- og industrielle kulturminne*

- Store og omfangsrrike bevaringsoppgåver knytt til tekniske og industrielle kulturminne og miljø gjer at det er nødvendig å utvikle nye strategiar og metodar. Samarbeid skal utviklast med nasjonale og internasjonale partnerar.

#### *Formidling og skjøtsel:*

- Vidareutvikle etablerte satsingar (arkeologiske kulturminne, krigsminne, landskap, ny teknologi)

### **Riksantikvaren sine kommentarar til Hordaland sine prioriteringar og utfordringar**

Hordaland fylkeskommune sine prioriteringar samsvarer med Riksantikvaren sine satsingar i åra framover. Riksantikvaren ser at dei utfordringane som fylkeskommunen framhevar er krevjande oppgåver for forvaltinga. Samarbeid og oppfølging av kommunane for å auke forståinga i kommunane for kulturminne som ressurs i samfunnsplanlegginga er særleg viktig. Riksantikvaren oppmodar Hordaland fylkeskommune om å gjere prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013- 2016* til å bli ei langsiktig satsing i samarbeidet med kommunane.

Bevaring av store tekniske og industrielle anlegg er krevjande. Riksantikvaren vil gjerne delta i diskusjonar for å forbetre metodar og avklare roller i slike saker. Moglegheitsstudien for Odda smelteverk vil liggje føre våren 2014. Riksantikvaren ønskjer nær samhandling med fylkeskommunen om utvikling av smelteverkstomta og dei freda bygningane og anlegga.

Riksantikvaren peikar på at Hordaland fylkeskommune har oppnådd gode resultat i 2013, mellom anna ved å styrkje sambandet mellom musea og kulturminnevernet og etablert nye stillingar i eigen administrasjonen og på musea. Satsing på formidling og skjøtsel av kulturminne er eit godt tiltak, og kan gje ei større forståing og interesse for å ta vare på kulturminne.

Første del av prosjekt fredingsgjennomgangen er avslutta. Dette er bra, sjølv om det også er mykje som står att her. Hordaland fylkeskommune har 27 pågåande fredingssaker. I desse sakene er det generelt dårleg framdrift. Sakene er i hovudsak enten mellombels freda eller det er berre sendt varsel om at saka er starta opp. Hordaland fylkeskommune har varsla at dette nå skal prioriterast og Riksantikvaren ventar at det vert gjort. Det er 18 anlegg som er mellombels freda i fylket. For desse anlegga må status avklarast snarast råd.

Riksantikvaren er glad for at fylkeskommunen har sagt ja til at Hordaland skal vere prøvefylke for å identifisere kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Arbeidet starta hausten 2013 og vil bli gjennomført i løpet av 2014.

Kystpilegrimsleia frå Rogaland til Nidaros er driven fram av fylkeskommunane og bispedømeråda i dei fylka det gjeld. Det er også ei prioritert satsing for Riksantikvaren som oppmodar fylkeskommunen til setja av midlar til gjennomføringa av prosjektet og samarbeide om aktivitetar og markeringar i 2014 då leia etter planen skal lanserast.

#### Framlegg til vedtak

- *Fylkesutvalet ber om at fredingssakene vert prioriterte i 2014*
- *Fylkesutvalet er positiv til at Hordaland fylkeskommune bidreg i arbeidet med Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros.*

### **Prosjektarbeid**

Forvalting utgjør hovudtyngda av oppgåvene innanfor kulturminneforvaltinga i Hordaland. Nokre saksfelt og oppgåver vert løyst ved at det vert etablert tidsavgrensa prosjekt. Prosjektarbeid skal vere forankra i forvaltingsoppgåvene og gjennomførast i partnerskap med andre aktørar.

#### *Markering av 200-års jubileet for grunnloven*

Riksantikvaren har teke initiativ for at kulturminneforvaltinga skal markere 200-årsjubileet for Grunnlova i 2014. Riksantikvaren ønskjer god dialog med dei enkelte fylkeskommunane i 2014, og om å bli orientert om ulike prosjekt og arrangement. Hordaland fylkeskommune vil i samarbeid



med Riksantikvaren gjennomføre ei markering av 200-års jubileet for grunnlova med markering av Christieparken i Fridalen i Bergen som minne over eidsvollsmann og stortingspresident Wilhelm Frimann Koren Christie.

#### *Rallarvegen – formidlingsprosjekt*

Arbeidet med Rallarveg-appen starta opp i 2012 med framhald i 2013. Applikasjonen formidlar natur- og kulturhistorie langs Bergensbanen sin høgfjellsstrekning og har no meir enn 200 artiklar. Når det gjeld innhald er arbeidet ferdigstilt, men det står att redaksjonell oppdatering av biletmateriale, oppfølging og marknadsføring i 2014. Appen har vorte godt motteken og har vist seg å ha nasjonal overføringsverdi.

#### *Prosjekt «Langs brekanten»*

Tilfanget av kulturminne i høgfjellet har auka sterkt dei seinare åra grunna kulturminneforvaltinga og privatpersonar si innsamling og registrering, og som ei følge av klimatiske endringar. Bresmelting har ført til at viktige buplassar, anlegg og utstyr knytt til jakt og fangst har kome fram. Oppland fylkeskommune har fokusert på temaet i Jotunheimen med oppsiktsvekkjande resultat.

Det er høgt potensial for auka kunnskap om kulturhistoria i høgfjellsområda i Hordaland gjennom nærare gransking. Hausten 2013 gjorde Hordaland fylkeskommune ei synfaring til områda ved Hardangerjøkulen for å vurdere potensialet for funn og fangstminne i avsmelta område. Ein tek i 2014 sikte på å etablere forprosjekt i partnerskap med Geologisk institutt ved Universitetet i Bergen og Universitetsmuseet.

#### *Kulturminneplan for Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområda*

Som ei oppfølging av forvaltingsplanen for Hardangervidda har Hordaland fylkeskommune i samråd med fylkeskommunar og fylkesmenn i Telemark, Buskerud og Hordaland vore ansvarleg for å utarbeide kulturminneplan for Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområda. Kulturminneplanen skal bidra til harmonisering av forvaltinga på tvers av kommune- og fylkesgrensene. Arbeidet er ikkje fullført som planlagt grunna kapasitetsproblem i fylkeskommunen. Den førhistoriske delen av planen ferdigstilt, og det vil i 2014 vera aktuelt å lysa ut konsulentoppdrag for den delen som omhandlar nyare tids kulturminne. Arbeidet er finansiert av fylkeskommunane, fylkesmenn, og Riksantikvaren.

#### *Prosjekt Home - Heritage*

Riksantikvaren har invitert Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar inn i fellesprosjekt med polske styremakter om *Cultural heritage values in local communities*. Frå Hordaland deltek kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Prosjektet er leia av statlege kulturminnestyresmakter i Norge og Polen og vil ha fokus på å styrke lokal forvaltinga av kulturminne. Prosjektet er finansiert gjennom ordninga EEA-grants og er utan direkte kostnad for fylkeskommunen.

#### *Rekonstruksjon på førhistorisk tingstad på Sausjord i Voss kommune*

I samband med handsaming av ein reguleringsplan i 2011 fann Hordaland fylkeskommune og Universitetsmuseet i Bergen eit førhistorisk ringtun med 13 bygningar frå 400-talet etter Kristus - til no er det einaste ringtunet som er kjent i Hordaland. Anlegget ligg godt til rette for formidling. Det er utarbeidd prosjektskisse for å vurdere om det er mogleg å byggja oppatt ein eller to bygningar. Dersom tiltaket let seg finansiere vil det gje auka handverkskompetanse i førhistoriske byggjeteknikkar, vera viktig formidling av automatisk freda kulturminne, og gje Voss kommune ein attraksjon som vil kunne få nasjonal merksemd. Tiltaket vert evt sett i gang etter nærare vurdering og politisk vedtak i fylkeskommunen.

#### *Digitalisering av eigne arkiv*

Hordaland fylkeskommune har mykje kulturhistorisk arkivmateriale. Digitalisering og tilgjengeleggjering av bilete og dokument vil lette arbeidet med lokalt kulturminnevern; plansamanheng, formidling og verdiskaping. Hordaland fylkeskommune vil fokusere på dette i 2014.

### *Bygningsvern*

For at ein skal kunne nå dei nasjonale måla for kulturminnevernet er det nødvendig å styrkje den praktiske kompetansen i bygningsvern. Administrasjonen tek sikte på å utvikle nærare samarbeid med dei aktørane som har slik kompetanse; i byggjenæringa, i utdanningsinstitusjonane og ved musea. Sak om etablering av bygningsvernssenter skal vurderast i løpet av 2014.